



Dato: 02.11.2021
Arkivref: 2021/4301-29052/2021 / 144

Saksbehandlar: Kristine Sætre
53 42 30 66
Kristine.Saetre@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	16.11.2021
	Kommunestyret	06.12.2021

SKULEBRUKSPLAN - PLAN FOR SKULESTRUKTUR OG SKULEBRUK FRÅ 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utkast til Skulebruksplan 2021-2036 vert sendt på høyring, med høyringsfrist 06.03.2022.

Dokument i saka:

Vedlegg: Utkast til skulebruksplan 2021-2036

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren fekk i 2020 i oppdrag å rullera Bømlo kommune sin skulebruksplan, og vurderer skulestrukturen i Bømlo. Målet er ein skulestruktur som har berekraftige kostnader for drift av grunnskulane og at mest mogeleg av midlane som går til skule skal nyttast til å styrkja innhaldet i skulen.

Det vart i 2020 utarbeidd eit planprogram som var ute på høyring. Merknadane som kom var at ein ynskte lang høyringsfrist og at denne ikkje burde vera i sommarferien, samt at ein ynskte brei deltaking med mange involverte. Særleg vart det trekt fram at ein skulle lytta til barn og unge si stemme. Utval for levekår og to representantar frå ungdomsrådet, vart valt til styringsgruppe for planen. Arbeidsgruppa bestod av fagpersonar frå administrasjonen. På grunn av koronasituasjonen vart prosessen med skulebruksplanen utsett i høve opphøveleg skissert planprogram. Styringsgruppa signaliserte at ein ynskte ein plan mykje lik den som var utarbeidd og vedteken i 2014. Dette har vore førande for arbeidet med planen og prioriteringane som har vore gjort.

Det vart i 2021 tinga ein rapport frå Norconsult med framskriving av folketal og elevtal fram til 2036. Denne rapporten er ein del av vurderingsgrunnlaget. I tillegg er den faktiske utviklinga av elevtalet lagt til grunn.

Vurderingar:

Det er i prioriteringane som er tilrådd lagt vekt på at kommunen dei næraste åra har prognosar som syner nedgang i barnetal. Dette vil medføra mindre overføringar frå staten til drift av skule og barnehage, meir av midlane vil gå til helsesektoren når befolkninga vert eldre. Men krava til undervisningssektoren er uendra eller aukande; Nytt nasjonalt læreplanverk frå 2020 set krav til

høg undervisningskvalitet, og stiller krav til pedagogisk og fagleg kompetanse hos lærarane. Nasjonalt vedteken lærarnorm stiller krav til lærartettleik.

Det er lagt vekt på at prioriteringar framover skal sikre ein framtidig skulestruktur som imøtekjem kvalitetsperspektivet og er berekraftig når det gjeld kostnadsfordeling og god utnytting av dei økonomiske midlane ein har til rådvelde.

I handsaminga av Skulebruksplanen i 2014, vart det gjort vurderingar knytt til sentralisering av ungdomsskulane i Bømlo. Det vart òg føreslege samanslåing av barneskular, der dei to minste vart slått saman med andre. I vedteken plan i 2014 var det berre ungdomstrinnet ved Rubbestadneset skule som vart slått saman med Bremnes ungdomsskule. Det vart òg vedteke at både Foldrøy og Espevær skular skulle behaldast. Det vart i tillegg gjort kringsgrensereguleringar knytt til Svortland skulekrins. I 2020 vart Espevær skule avvikla då det var svært få elevar att på skulen.

I rulleringa av skulebruksplanen, med ny skulebruksplan for 2021-2035, er områda som var tema i førre plan, vurdert på ny. I tillegg har ein sett på prognosar for elevtalsutvikling i alle skulekrinsane. Til grunn for vurderingane ligg både behovet for ein skulestruktur som er kostnadmessig berekraftig og ein skulebruk som har høg kvalitet når det gjeld elevane sin opplærings situasjon.

Kommunedirektøren tilrår ein framtidig ny skulestruktur med ein felles ungdomsskule og sju barneskular. Framlegget inneber at fylgjande skular inngår i denne strukturen:

Bremnes ungdomsskule	Fulldelt skule med 6 parallellar med verknad frå hausten 2024. Skulen har 4-5 parallellar i dag, og treng tilbygg for å bli 6 parallell skule, som vil vera eit behov ved sentralisering av ungdomsskulestrukturen.
Hillestveit skule	Fådelt barneskule. Ungdomstrinnet vert flytta til Bremnes ungdomsskule. På barnetrinnet har skulen 5 klassar i dag (femdelt). Plass nok til å vera fulldelt barneskule med ein klasse per trinn.
Moster skule	Fulldelt barneskule. Ungdomstrinnet vert flytta til Bremnes ungdomsskule. På barnetrinnet har skulen i dag 1 klasse per trinn på 1.-3. trinn og 2 parallell på 4.-7. trinn. Plass nok til å vera 2 parallell.
Rubbestadneset skule	Fulldelt skule med 1 klasse per trinn i dag. Plass nok til å vera 2 parallell på nokre trinn.
Svortland skule	Fulldelt skule med 2 parallellar i dag. Treng tilbygg dersom skulen skal vera 3 parallell på meir enn eitt trinn.
Gilje skule	Fådelt skule med 5 klassar i dag (femdelt). Plass nok til å vera fulldelt med ein klasse per trinn.
Meling skule	Fulldelt skule med 1 klasse per trinn, 2 parallell på 1. trinn. Skulen er bygd for å vera ein klasse per trinn, kan ha parallell på eitt trinn.
Våge skule	Fådelt skule med 4 klassar i dag. Plass nok til å vera fulldelt med 1 klasse per trinn.

Foldrøy skule vert samanslått med Svortland skule, eventuelt Rubbestadneset skule frå hausten 2023.

Endringar i høve til dagens struktur:

- Flytting av ungdomssteget på Hillestveit til Bremnes ungdomsskule
- Flytting av ungdomssteget ved Moster skule til Bremnes ungdomsskule

- Nedlegging av Foldrøy skule. To alternativ:
 - Samanslåing av Foldrøy og Svortland skular med lokalisering Svortland
 - Samanslåing av Foldrøy og Rubbestadneset skular med lokalisering Rubbestadneset

I tillegg bør kringrensene mellom Meling skule og Svortland skule korrigerast – området Brekke. Her er det elevar som i dag går på Meling skule, men som bur på adresser som høyrer til Svortland skulekrins. Elevane har gangavstand til Meling skule, medan avstanden er lengre til Svortland skule. Endringa kan gjerast med effekt frå hausten 2022.

Det er vanskeleg å tidfesta dei ulike endringane utan å gjera ein del klare føresetnader. For sentraliseringa av ungdomsskulestrukturen er den viktigaste føresetnaden tidspunktet for når eit nytt tilbygg på Bremnes ungdomsskule er på plass. Dersom ein her legg til grunn at ein gjennomfører byggjesteg 2 som det vart tilrettelagt for då ein bygde skulen, kan ein utvida Bremnes ungdomsskule stå ferdig i 2024. Då vil ungdomsskulen ved Hillestveit og Moster kunne bli flytta til Bremnes Ungdomsskule.

Når det gjeld Foldrøy skule, vil ei samanslåing med Svortland skule berre medføra klasseauke på eit trinn, ein vil få 3-parallell på eitt trinn. Sjølv om Svortland skule er bygd som 2-parallell, er det tidvis klassetrinn som er/har vore 3-parallell. Dersom Foldrøy vert samanslått med Rubbestadneset skule vil det medføra at skulen får tre trinn med 2-parallell, skulen har i dag ingen trinn med parallellar.

Ein kan då sjå for seg slik framdriftsplan:

- Samanslåing av Foldrøy og Rubbestadneset eller Svortland barneskular august 2023
- Flytting av ungdomsskulen ved Hillestveit til BUS august 2024
- Flytting av ungdomsskulen ved Moster til BUS etter 2024

Når Bømlopakken er realisert vil Bømlo få eit tenleg vegnett som også vil redusere reisetida både frå Moster mot Svortland og frå Langevåg mot Svortland. Dette må etter kommunedirektøren sitt syn tilleggast vekt når ein vurderer ein felles ungdomsskule i heile kommunen. Kommunedirektøren går inn for at dette skal vere den framtidige løysinga.

Vegnettet frå Foldrøy krins til Svortland er bra. Her er både gang og sykkelsti på hovudvegen, medan det er lite trafikk på tidlegare hovudveg som kollektivtrafikken nyttar. Det er relativt godt kollektivtilbod mellom Svortland til Leirvik, som Foldrøy er del av. Foldrøy krins har ikkje eigen barnehage, barn i krinsen nyttar i hovudsak barnehagane i sentrum. Der er barna saman med barn frå Svortland skulekrins, i tillegg til barn frå Meling og Gilje skulekrins. Nokre få frå Foldrøy nyttar Rubbestadneset barnehage. Veggen frå Foldrøy til Rubbestadneset er òg tilfredsstillande.

Bømlo symjehall sine basseng har kapasitet til all symjeopplæring for grunnskulane i kommunen. Bassenga ved Rubbestadneset og Hillestveit har store oppgraderingsbehov estimert til henholdsvis om lag 20 og 30 mill.. Desse estimata ligg nokre år attende og er truleg for låge i høve reell kostnad.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Det er først og fremst skuledrifta som er vurdert i sjølve skulebruksplanen. Redusert trong for vedlikehald og løpande drift av skuleanlegga som vert lagt ned kjem i tillegg. Færre skular gir redusert trong for framtidige investeringar t.d. for å tilpassa alle anlegga til krav til universell utforming.

Me har oversikt over kva som er kostnaden med å drive ein klasse. Ein del av kostnadane er likevel elevrelatert slik at i kalkylen har vi lagt oss på ei innsparing ved sentralisering av ungdomsskulestrukturen på 4,8 mill. årleg, og 3 mill. for å slå saman Foldrøy med Svortland, og 2,25 mill. ved å slå saman Foldrøy med Rubbestadneset. Ved avhending av skulebygget, vil innsparinga verta større.

Utviding av Bremnes ungdomsskule til å kunne ta imot Moster/Hillestveit er estimert til ca. 25-30 mill.

Miljømessige konsekvensar:

Meir robuste skular gir stabile og gode rammevilkår for eit godt læringsmiljø. Alle ungdomsskulelevane vil få same undervisningstilbod kor lærarane er del av eit stort fagmiljø og har spesialkompetanse på ulike fagfelt. Elevane vil få eit skulebytte undervegs i sitt tiårige grunnskuleløp, og bli del av eit større ungdomsmiljø når dei vert tenåringar. Færre skular gir likevel meir transport av skuleelevar og dermed auka forureining av det ytre miljø.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Skulane har ei rolle i beredskapssamanheng og det kan i den samanheng vere nyttig med ein mest mogeleg desentralisert skulestruktur. Det kan likevel vere klare føremoner med store robuste skular.

Folkehelse:

Auka skyssandel er uheldig i folkehelsesamanheng. Skuleanlegga vert også meir brukt på ettermiddag/kveldstid når elevane har gangavstand. Større skuleanlegg legg likevel meir til rette for at tilbodet vert meir variert og slik sett og når fleire.

Oppsummering og konklusjon:

- Kommunen må redusere driftsnivået for grunnskulane for å tilpasse seg nye økonomiske rammer.
- Kommunedirektøren foreslår å sentralisere ungdomsskuledrifta til Bremnes ungdomsskule frå 2024 eller så snart eit nybygg er ferdigstilt. Dette krev ei investering på om lag 25-30 millionar.
- Foldrøy skule vert foreslått lagt ned og slått saman med anten Svortland eller Rubbestadneset skule frå hausten 2023.
- Det er eit mål at mest mogleg av midlane til skuledrift vert nytta til å styrke innhaldet og tilbodet til elevane.
- Utkastet til skulebruksplan vert sendt på høyring med god tid til drøftingsprosessar i elevråd, skulemiljøutval/samarbeidsutval, FAU, grendautval, osb..